

STORTINGET

2013–2014





Innhold

Føreord	<u>3</u>
Det 158. ordentlege storting vert opna	<u>4</u>
Stortingets presidentskap	<u>5</u>
Den parlamentariske stillinga i sesjonen	<u>6</u>
Arbeidet i Stortinget	<u>8</u>
Sentrale saker i sesjonen	<u>10</u>
Verksemda i komiteane	<u>12</u>
Grunnlovsendringar våren 2014	<u>14</u>
Internasjonalt samarbeid	<u>15</u>
Nordisk samarbeid	<u>17</u>
Grunnlovjubileet	<u>18</u>
Stortinget på nett	<u>25</u>
Omvisingar	<u>27</u>
MiniTinget	<u>28</u>
Oslo kulturnatt	<u>28</u>
Kurs i stortingskunnskap for lærarar	<u>28</u>
«2050 – Valet er ditt»	<u>29</u>
«2014 – Valet er ditt»	<u>29</u>
Reisetilskot	<u>29</u>
Stortingsadministrasjonen per september 2014	<u>30</u>

Føreord



Stortingsvalet i 2013 og grunnlovsjubileet i 2014 har gjort stortingssesjonen 2013–2014 til eit år utanom det vanlege.

Den nye samansetnaden av Stortinget etter valet i 2013 gav grunnlag for at regjeringa Stoltenberg gjekk av og Erna Solberg skipa ei ny regjering utgått frå Høgre og Framstegspartiet.

I motsetnad til førre regjering har ikkje den nye regjeringa basis i eit fleirtal i Stortinget. Som mindretalsregjering er ho nøydd til å samarbeida, forhandla og finna kompromiss med andre parti på Stortinget for å få fleirtal til å vedta sakene sine. Regjeringa Solberg har inngått ei samarbeidsavtale med KrF og Venstre.

Etter stortingsvalet kom òg eit nytt parti inn på Stortinget då Rasmus Hansson vart vald inn for Miljøpartiet Dei Grøne i Oslo. Det er fyrste gongen sidan Steinar Bastesen vart vald frå Nordland for Tverrpolitisk Folkevalde (seinare Kystpartiet) i 1997 at eit nytt parti er representert på Stortinget.

Stortinget har hatt det overordna ansvaret for den offisielle feiringa av at det 17. mai 2014 var 200 år sidan Noreg fekk ei eiga grunnlov og med den ei folkevald nasjonalfor-samling. Grunnlova frå 17. mai 1814 etablerte Stortinget og la grunnlaget for utviklinga av folkestyre i Noreg. Grunnlovsjubileet har vore markert og høgtida med arrangement og aktivitetar i heile landet gjennom året.

Forutan å samordna den landsvide feiringa, har Stortinget sjølv feira med å mellom anna stilla ut den originale Eidsvollsgrunnlova – bursdagsbarnet sjølv – og å pussa henne opp ved å gjennomføra to av dei største reformene Grunnlova har vore gjennom. Grunnlova har no fått fornøya språkdrakt på bokmål og kome i ei likestilt utgåve på nynorsk, og ein oppdatert katalog med menneskerettar er teken inn i Grunnlova.



Erna Solberg på statsministerplassen under trontaledebatten 22. oktober 2013. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

Det 158. ordentlege storting vert opna

Det 158. ordentlege storting, som vart valt ved stortingsvalet 9. september 2013, tredje saman tysdag 1. oktober 2013, i tråd med Grunnlova § 68: «Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i oktober kvart år».

Stortinget valde i møtet same dag ein fullmaktskomité. Måndag 7. oktober vedtok Stortinget samrøystes innstillinga frå fullmaktskomiteen, som godkjende fullmaktene til alle valde representantar og vararepresentantar. Det nyvalde stortinget konstituerte seg 8. oktober.

Dagen etter vart Stortinget høgtidleg opna av H.M. Kong Harald. Kongen las trontala og statsråd Hadia Tajik las opp meldinga om rikets tilstand og styring. Etter tradisjonen er meldinga lesen på nynorsk av ein av medlemene i regjeringa, ofte den yngste, medan trontala er skriven på bokmål.

Ettersom valresultatet og den nye samansetnaden av Stortinget gav grunnlag for regjeringsskifte, vart det ikkje halde trontale-

debatt like etter opninga slik det elles er vanleg. Trontala var programfråsegna for det komande året frå den sitjande regjeringa, og regjeringa Stoltenberg hadde alt varsla at ho ville søkja avskil.

Kongen utnemnde ei ny regjering utgått frå Høgre og Framstegspartiet med Erna Solberg som statsminister 16. oktober 2013. Solberg las tiltredingsfråsegna til den nye regjeringa i møtet i Stortinget 18. oktober, og trontala frå den avgåtte regjeringa og tiltredingsfråsegna frå den nye regjeringa vart debatterte i Stortinget 22. og 23. oktober 2013.

Frå den høgtidlege opninga av Stortinget 9. oktober 2013. (Foto: Stortinget/Hans Kristian Thorbjørnsen)



Stortingets presidentskap



Stortingspresidenten har det høgste offentlege vervet i Noreg, og er nest etter Kongen i rang. Presidenten leier presidentskapet, som har til hovudoppgåve å leggja til rette arbeidet i Stortinget. I presidentskapet sit det òg fem visepresidentar, som har same myndigheit som presidenten når dei leier møta i Stortinget. Presidentskapet vert valt for kvar stortingssesjon.

STORTINGSPRESIDENT

Olemic Thommessen (H), Oppland. Han har møtt som fast stortingsrepresentant frå 2001.

WISEPRESIDENTAR

1. visepresident:

Marit Nybakk (A), Oslo. Stortingsrepresentant frå 1987. Ho leidde forsvarskomiteen 2001–2005, var tredje visepresident 2009–2013 og var president i Nordisk råd i 2013.

2. visepresident:

Kenneth Svendsen (FrP), Nordland. Har møtt som stortingsrepresentant frå 1997.

3. visepresident:

Svein Roald Hansen (A), Østfold. Stortingsrepresentant frå 2001.

4. visepresident:

Ingjerd Schou (H), Østfold. Stortingsrepresentant 2001–2005 og frå 2009. Ho var statsråd i Sosialdepartementet 2001–2004.

5. visepresident:

Line Henriette Hjemdal (KrF), Østfold. Ho har møtt som stortingsrepresentant frå 2005 og var òg femte visepresident 2009–2011.



Presidentskapet 2013–2014: Frå v. Ingjerd Schou, Kenneth Svendsen, Olemic Thommessen, Marit Nybakk, Svein Roald Hansen og Line Henriette Hjemdal. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)


Den parlamentariske stillinga i sesjonen

STYRKETILHØVET MELLOM PARTIA

Mandatfordeling 2013–2017

Det er i alt 169 stortingsrepresentantar. I perioden 2013–2017 er fordelinga mellom partia slik: (Tala for førre periode er med for å visa endringane).

Parti	Perioden 2013–2014	Perioden 2009–2013
A	55	64
H	48	30
FrP	29	41
KrF	10	10
Sp	10	11
V	9	2
SV	7	11
MDG	1	0




Regjeringa Solberg har eit parlamentarisk grunnlag på 77 representantar. Opposisjonen utgjer 92 representantar.

Valresultatet ved stortingsvalget 2013

(Tala for førre periode med for å visa endringane).

Parti	Val 2013	Val 2009
A	30,8 %	35,4 %
H	26,8 %	17,2 %
FrP	16,3 %	22,9 %
KrF	5,6 %	5,5 %
Sp	5,5 %	6,2 %
V	5,2 %	3,9 %
SV	4,1 %	6,2 %
MDG	2,8 %	0,4 %
Andre	2,9 %	2,3 %



Leiarar i partigruppene 2013–2014

Parti	Gruppeleiar
A	Jens Stoltenberg (til 16.6.2014) Jonas Gahr Støre (frå 18.6.2014)
H	Trond Helleland
FrP	Harald T. Nesvik
KrF	Knut Arild Hareide
Sp	Liv Signe Navarsete (til 9.4.2014) Marit Arnstad (frå 9.4.2014)
V	Trine Skei Grande
SV	Audun Lysbakken
MDG	Rasmus Hansson

Representantar per fylke

Stortingsrepresentantane vert fordelte mellom fylka etter ein formel der både innbyggjartal og arealet tel. Fordelinga vert justert før annankvar periode. Til perioden 2013–2017 vart fordelinga endra.

Fem fylke fekk éin representant mindre enn før, medan Oslo fekk to fleire, og tre fylke fekk éin representant meir. Det var dei mest folkerike fylka som vart betre representerte.

Fylke	Mandat 2013	Endring
Østfold	9	0
Akershus	17	+1
Oslo	19	+2
Hedmark	7	-1
Oppland	7	0
Buskerud	9	0
Vestfold	7	0
Telemark	6	0
Aust-Agder	4	0
Vest-Agder	6	0
Rogaland	14	+1
Hordaland	16	+1
Sogn og Fjordane	4	-1
Møre og Romsdal	9	0
Sør-Trøndelag	10	0
Nord-Trøndelag	5	-1
Nordland	9	-1
Troms	6	-1
Finnmark	5	0

Prosentvis fordeling mellom kjønna

Kjønnsfordelinga på Stortinget vart den same etter valet i 2013 som i førre periode.

Stortingsperiode	Kvinner	Menn
2013–2017	39,6 %	60,4 %
2009–2013	39,6 %	60,4 %
2005–2009	37,9 %	62,1 %
2001–2005	36,4 %	63,6 %

Gjennomsnittsalder på representantane

46,4 år (per 1. oktober 2013)



Marit Nybakk,
A, Oslo.

Representantar med lengst ansiennitet

Oversikta viser kven som har møtt på flest storting (sesjonar)

Marit Nybakk, A, Oslo	29 storting
Jan Tore Sanner, H, Akershus	25 storting
Erna Solberg, H, Hordaland	25 storting
Jens Stoltenberg, A, Oslo	23 storting
Karin Andersen, SV, Hedmark	19 storting

(Per 1. oktober 2014, medrekna periodar dei har vore møtande vararepresentantar eller har sete i regjeringa.)



Stortingets
yngste siste
sesjon, Sivert
Bjørnstad, FrP,
Sør-Trøndelag.

Dei yngste

Sivert Bjørnstad, FrP, Sør-Trøndelag	23 år
Fredric Holen Bjørdal, A, Møre og Romsdal	24 år
Erik Skutle, H, Hordaland (fast møtande vararepresentant)	24 år
Peter Christian Frølich, H, Hordaland	27 år
Sveinung Rotevatn, V, Sogn og Fjordane	27 år

(Per 1. oktober 2014. Prableen Kaur (A) var 20 år då ho møtte som fast vararepresentant for Oslo 01.10–16.10.2013.)



Stortingets
eldste siste
sesjon,
Svein Flåtten,
H, Vestfold.

De eldste

Svein Flåtten, H, Vestfold	69 år
Marit Nybakk, A, Oslo	67 år
Helge Thorheim, FrP, Rogaland (fast møtande vararepresentant)	66 år
Martin Kolberg, A, Buskerud	65 år
Svein Roald Hansen, A, Østfold	65 år

(Per 1. oktober 2014)

Arbeidet i Stortinget

Stortingssesjonen 2013–2014 var den fyrste sesjonen i ein valperiode.


Det var færre saker og kortare møte i denne sesjonen enn i dei føregåande.

Tabellen nedanfor viser kor mange møtedagar Stortinget har hatt og kor mange timar stortingsmøte har vara i sesjonen 2013–2014 samanlikna med tidlegare sesjonar.

Stortingssesjon	Tal på møtedagar	Total møtelengd
2013–2014	89	409 timar og 47 min
2012–2013	104	535 timar og 21 min
2011–2012	105	517 timar og 27 min
2010–2011	108	582 timar og 52 min
2009–2010	100	486 timar og 53 min

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Ferdig handsama innstillingar per måned i sesjonen



Saker handsama i Stortinget i sesjonen samanlikna med tidlegare sesjonar

Handsama saker	2013–2014	2012–2013	2011–2012	2010–2011	2009–2010
Proposisjonar	142	209	153	158	150
Meldingar	30	53	31	27	27
Utgreiingar	10	10	9	15	9
Representantframlegg	61	191	130	187	124
Grunnlovsframlegg	12	0	16	5	4
Dokument	25	29	24	28	35
Andre saker	38	20	28	24	29
Innberetningar	3	6	6	4	3
Totalt	321	518	397	448	381

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Spørsmål stilte til statsrådene i stortingssesjonen 2013–2014

Fordelte mellom parti og type spørsmål.

Tabellen viser at det hovudsakleg er opposisjonspartia som stiller spørsmål og interpellasjonar.

Parti	Hovudspørsmål i munnleg spørjetime	Spørsmål i ordinær spørjetime	Interpellasjonar	Skriftlege spørsmål
A	44	132	27	489
SP	22	59	8	154
SV	22	36	8	162
V	22	12	12	168
KrF	22	7	11	181
MDG	3	8	2	22
H	0	4	8	33
FrP	0	2	2	63
Totalt	135	260	78	1272

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Rasmus Hansson representerer Miljøpartiet Dei Grøne som etter valet i 2013 kom inn som eit nytt parti på Stortinget.

Erna Solberg (H) møtte i sin fyrste munnlege spørjetime som statsminister 6. november 2013. Her får ho spørsmål frå Helga Pedersen (A). (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



Sentrale saker i sesjonen

Stortinget hadde 321 saker til handsaming i sesjonen.

Her er nokre av dei mest sentrale.

STATSBUDSJETTET

Når ei regjering går av som fylgje av valresultatet, er det vanleg at ho fyrst legg fram framlegg til statsbudsjett for det nye stortinget. Finansminister Sigbjørn Johnsen (A) la fram budsjettframlegget frå regjeringa Stoltenberg 14. oktober 2013.

På grunn av at det er faste fristar for handsaminga av statsbudsjettet, har ikkje ei ny regjering tid til å laga eit heilt nytt budsjett, men kjem som regel berre med justeringar av det budsjettframlegget som alt ligg føre. Finansminister Siv Jensen (FrP) la fram tilleggsproposisjon til budsjettet 8. november. Den nye H–FrP-regjeringa, som er ei mindretalsregjering, treng tilslutnad frå fleire parti i Stortinget for å få vedteke budsjett og

andre saker, og eit budsjettforlik med V og KrF vart offentleggjort 15. november.

Statsbudsjettet var ferdig handsama 13. desember, medan revidert nasjonalbudsjett vart vedteke 20. juni.

UTGREIINGAR

11. februar 2014 heldt utanriksministeren ei utgreiing om situasjonen og Noregs engasjement i Syria og Sør-Sudan, og 10. juni gjorde han og forsvarsministeren greie for utviklinga og Noregs engasjement i Afghanistan. Helse- og omsorgsministeren gjorde 3. juni 2014 greie for forskning på uventa dødsfall hjå små born.

Finansminister Sigbjørn Johnsen legg fram framlegg til statsbudsjett frå den avgåande regjeringa Stoltenberg. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



Finansminister Siv Jensen (FrP) legg fram tilleggsproposisjon til statsbudsjettet frå den nye regjeringa Solberg.

(Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

LOVENDRINGAR

Ei rad proposisjonar med framlegg til lovendringar vart handsama i sesjonen. Sentrale lovvedtak var til dømes:

- lov om tenestepensjon
- endringar i folketrygdlova (reduksjon av mødre- og fedrekvoten)
- lov om stans i utbetalinga av offentlege ytingar og barnebidrag når ein av foreldra har bortført eit barn til utlandet
- oppheving av boklova
- endringar i ferielova (rett til å utsetja og overføra ferie i samband med sjukdom)
- endringar i privatskulelova
- endringar i pasient- og brukarrettslova (rett til brukarstyrt personleg assistanse)
- lov om rituell omskjering av gutar
- pasientjournallova og helseregisterlova
- endringar i politilova (kommunane kan forby tiggings på offentlig stad)

REPRESENTANTFRAMLEGG

Stortingsrepresentantane har framleggsrett på lik line med regjeringa. Det er særleg representantar i opposisjon som kjem med desse framlegga, og dei får difor sjeldan fleirtal.

Når ei regjering ikkje har støtte frå eit fast fleirtal, kan det likevel knyta seg meir spenning til utfallet – opposisjonen kan finna saman eller få med seg regjeringspartia frå sak til sak, og såleis danna vekslende fleirtal for eller imot. Eit framlegg frå A, Sp, KrF og V om påbod om redningsvest i fritidsbåtar fekk til dømes ikkje fleirtal då SV og MDG gjekk saman med H og FrP mot lovendringa.

Representantframlegg som har vakt særleg debatt i og utanfor Stortinget har til dømes vore utfasing av Statens pensjonsfond utlands investeringar i fossil energi og kølselskap, elektrifisering av Utsirahøgda, mottak av fleire syriske flyktningar, framlegg om å avslutta forsøket med utvida bruk av snøscooter, stans av implementering av datalagringsdirektivet og spørsmål om lækjarar skal få utvida høve til å reservera seg mot tilvising til abort.



STORTINGSMELDINGAR

Stortingsmeldingar er meldingar frå regjeringa til Stortinget om arbeid som er gjort eller drøfting av politikk for framtida. Desse dannar ofte grunnlag for seinare lovframlegg og -vedtak.

Stortinget har mellom anna hatt føre desse stortingsmeldingane i 2013–2014:

- *Finansmarknadsmeldinga 2013.*
- *Produksjonstilskudd til nyhets- og aktualitetsmedier.*
- *Utdanning for utvikling.*
- *Frihet og likeverd. (Om menneske med utviklingshemming).*

KONTROLLSAKER

Kontroll- og konstitusjonskomiteen er den einaste fagkomiteen som har uavgrensa tilgang til å oppretta saker på eige initiativ. I 2013–2014 oppretta komiteen sak om avgjerda om val av ny trasé for E16 gjennom Lærdal, og det vart oppretta sak om konsesjonslova og priskontrollen.

Verksemda i komiteane

Fagkomiteane kom med 311 innstillingar denne sesjonen. Arbeidet med statsbudsjettet tok det meste av tida i komiteane på hausten, medan grunnlovsendingar vart grundig førebudde våren 2014.

Oppgåva til fagkomiteane er å førebu dei sakene Stortinget skal ta stilling til. Representantane er fordelte på tolv fagkomitear, og desse kjem med innstillingar til Stortinget om dei proposisjonane, meldingane og representantframlegga som fell inn under deira saksområde.

Komiteane har møte gjennom heile sesjonen. Ved førehavinga av einskilde saker vert det òg avgjort om det skal haldast høyring, slik at vedkomande partar og andre interessentar kan få målborne meiningane sine i saka for komiteen.

Kvart år får Stortinget sendt over ei rad store saker frå regjeringa. Særleg er arbeidet med statsbudsjettet tidkrevjande, både for finanskomiteen som samordnar budsjettførehavinga og kjem med finansinnstillinga, og for fagkomiteane elles, som kjem med innstillingar om løyvingane på sine fagområde. Om våren vert omprioriteringar og tilleggsløyvingar frå regjeringa handsama (revidert nasjonalbudsjett).

I tillegg til budsjettet kjem det fleire andre årlege saker frå regjeringa. Kommunal- og forvaltningskomiteen har føre kommuneproposisjonen med politikken regjeringa vil føra andsynes kommunane i året som kjem, medan næringskomiteen har jordbruksoppgjeret føre – avtala mellom landbruket og staten om mellom anna prisar på jordbruksvarer.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen har føre kontrollsaker, grunnlovsframlegg og rapportar frå Stortingets eksterne kontrollorgan. Komiteen arbeidde grundig med framlegga til grunnlovfesting av menneskerettar og språkleg fornying av Grunnlova på nynorsk og bokmål. Riksrevisjonens undersøking om statens arbeid med CO2-handtering på Mongstad leidde til høyring over tre dagar i denne komiteen.

Høyring i kommunal og forvaltningskomiteen.





Tal på komitémøte og høyringar i 2013–2014 i dei einskilde komiteane

Komité	Tal på komité-møte	Tal på høyringar	Tal på avgjevne innstillingar	Komitéleiarar
Arbeids- og sosialkomiteen	25	5	15	Arve Kambe (H), Rogaland
Energi- og miljøkomiteen	27	1	20	Ola Elvestuen (V), Oslo
Familie- og kulturkomiteen	26	6	19	Svein Harberg (H), Aust-Agder
Finanskomiteen	23	6	26	Hans Olav Syversen (KrF), Oslo
Helse- og omsorgskomiteen	35	12	21	Kari Kjønås Kjos (FrP), Akershus
Justiskomiteen	22	7	23	Hadia Tajik (A), Oslo
Kommunal- og forvaltningskomiteen	21	2	15	Trond Giske (A), Sør-Trøndelag
Kontroll- og konstitusjonskomiteen	32	6	24	Helge André Njåstad (FrP), Hordaland
Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen	34	3	35	Martin Kolberg (A), Buskerud
Næringskomiteen	30	4	32	Marit Arnstad (Sp), Nord-Trøndelag (til 22.04.2014) Geir Pollestad (Sp), Rogaland (frå 24.04.2014)
Transport- og kommunikasjonskomiteen	30	2	25	Linda C. Hofstad Helleland (H), Sør-Trøndelag
Utanriks- og forsvarskomiteen	29	3	22	Anniken Huitfeldt (A), Akershus
Fullmaktskomiteen			1	Marit Nybakk (A), Oslo
Valkomiteen			18	Olemic Thommessen (H), Oppland
Presidentskapet		1	15	
Sum	334	58	311	

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Grunnlovsendingar våren 2014

I løpet av ei veke i mai 2014 vedtok Stortinget to av dei mest omfattande reformene i den 200-årige historia til Grunnlova.

SPRÅKLEG FORNYING

Den fyrste reforma var ei fornying av grunnlovsspråket – samstundes med at Grunnlova òg vart vedteken i ein likestilt nynorsk versjon.

Stortinget hadde alt i førre periode føre eit framlegg om språkleg fornying av Grunnlova. Framlegget, som var utarbeidd av Finn-Erik Vinje, vart røysta ned den gongen, då stortingsfleirtalet ynskte ei språkreform som òg femnde om ein versjon av Grunnlova på nynorsk.

Presidentskapet oppnemnde difor det såkalla Graver-utvalet i 2012, leidd av Hans Petter Graver. Utvalet fekk i oppdrag «å utarbeide nye, språklig oppdaterte versjoner av Grunnloven på tidsmessig bokmål og nynorsk.»

Dei to framlegga til oppdaterte versjonar av Grunnlova frå Graver-utvalet vart fremja i førre periode. Samstundes vart dessutan òg framlegget utarbeidd av Finn-Erik Vinje fremja på nytt.

Stortinget måtte difor ta stilling til to konkurrerande framlegg til språkleg fornying av bokmålsversjonen – i tillegg til framlegget om nynorsk versjon av Grunnlova – då grunnlovsframlegga skulle handsamast 6. mai. Eit grunnleggjande premiss for både reformframlegga var at dei språklege endringane ikkje skulle forskuva meningsinnhaldet i Grunnlova.

Etter ein del tingingar partia imellom enda handsaminga med eit kompromiss: Stortinget vedtok bokmålsversjonen utarbeidd av Vinje og nynorskversjonen frå Graver-utvalet.

STYRKING AV STILLINGA TIL MENNESKERETTANE

Den andre reforma galdt ei styrking av stillinga til menneskerettane i Grunnlova.

Reforma var grundig førebudd. Presidentskapet nedsette Menneskerettsutvalet i 2009. Det var leidd av tidlegare stortingsrepresentant Inge Lønning, og utvalet leverte rapporten sin i desember 2011, Dokument nr. 16 (2011–2012).

I rapporten føreslo utvalet å ta inn eit eige kapittel om menneskerettar i Grunnlova, med i alt 26 nye paragrafar. I Stortinget vart det fremja ei rekkje grunnlovsframlegg med utgangspunkt i framlegget frå Lønning-utvalet; det vart dessutan fremja enkelte framlegg som avveik frå tilrådingane frå utvalet.

E. Menneskerettigheter	E. Menneskerettar
§ 92 Statens myndigheter skal respektere og sikre menneskerettighetene slik de er nedfelt i denne grunnlov og i for Norge bindende traktater om menneskerettigheter.	§ 92 Dei statlege styresmaktene skal respektere og trygge menneskerettane slik dei er fastsette i denne grunnlova og i traktatar om menneskerettar som er bindande for Noreg.
§ 93 Ethvert menneske har rett til liv. Ingen kan dømmes til døden. Ingen må utsettes for tortur eller annen umenneskelig eller nedverdiggende behandling eller straff. Ingen skal holdes i slaveri eller tvangsarbeid. Statens myndigheter skal beskytte retten til liv og bekjempe tortur, slaveri, tvangsarbeid og andre former for umenneskelig eller nedverdiggende behandling.	§ 93 Kvart menneske har rett til liv. Ingen kan dømmast til døden. Ingen må utsettast for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff. Ingen skal haldast i slaveri eller tvangsarbeid. Dei statlege styresmaktene skal verne retten til liv og strí mot tortur, slaveri, tvangsarbeid og andre former for umenneskeleg eller nedverdiggande behandling.
§ 94 Ingen må fængsles eller berøves friheten på annen måte uten i lovbestemte tilfeller og på den måte som lovene foreskriver. Frihetsberøvelsen må være nødvendig og ikke utgjøre et uforholdsmessig inngrep. Den pågripne skal så snart mulig fremstilles for en domstol. Andre som er berøvet sin frihet, kan få frihetsberøvelsen prøvet for domstolene uten ugjennet opphold. De som uberettiget har arrestert noen eller ulovlig holdt noen fængslet, står til ansvar for vedkommende.	§ 94 Ingen må fængslast eller bli friteken fridommen på anna vis utan i dei tilfella og på den måten som lovene fastset. Fridomstapet må vere naudsynt og ikkje utgjere eit misforholdleg inngrep. Den pågripne skal så snart råd framstillaast for ein domstol. Andre som er friteke fridommen, kan få fridomstapet prøvd for domstolane utan grunnlaus drygging. Dei som utan rett har arrestert nokon eller haldt nokon ulovleg fængsla, står til ansvar for vedkommende.
§ 95 Enhver har rett til å få sin sak avgjort av en uavhengig og upartisk domstol innen rimelig tid. Rettergangen skal være rettfærdig og offentlig. Retten kan likevel lukke rettsmøtet dersom hensynet til partenes privatliv eller tungtveiende almenne interesser gjør det nødvendig. Statens myndigheter skal sikre domstolene og dommenes uavhengighet og upartiskhet.	§ 95 Alle har rett til å få saka si avgjort av ein uavhengig og upartisk domstol innan rimelig tid. Rettergangen skal vere rettviss og offentlig. Retten kan likevel stenge rettsmøtet dersom omsynet til privatlivet til partane eller tungtveigande almenne interesser krev det. Dei statlege styresmaktene skal sikre at domstolane og dommarane er uavhengige og upartiske.
§ 96 Ingen kan dømmes uten etter lov eller straffes uten etter dom. Enhver har rett til å bli ansett som uskyldig inntil skyld er bevist etter loven.	§ 96 Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom. Alle har rett til å bli rekna som uskuldeige til skuld er prova etter lova.

Framlegga sette i gang ei omfattande saksførebuing i kontroll- og konstitusjonskomiteen. Grunnlovsendingar krev to tredjedels fleirtal, og det var knytt stor spenning til kva framlegg som ville verta vedtekne. Særleg strid stod det om grunnlovsfestinga av dei økonomiske, sosiale og kulturelle rettane (ØSK).

Stortinget handsama framlegga 13. mai – ei veke etter språkreforma. Somme føreslegne føresegnar skapte livleg debatt; eit framlegg om å grunnlovsfesta familien som «ei grunnleggjande eining i samfunnet» vart til dømes forkasta med minst mogeleg margin – 111 røysta for, 57 imot.

Stortinget vedtok fleire av framlegga samrøystes. Det galdt i hovudsak dei føreslegne sivile og politiske rettane, med anna retten til frie og hemmelege val, legalitetsprinsippet, respekt for privatliv og foreiningsfridom. I tillegg grunnlovsfeste Stortinget ei meir avgrensa mengd ØSK-rettar, som retten til utdanning og ei føresegn om borns rettar.

Alle dei vedtekne paragrafane vart samla i eitt kapittel – kapittel E – slik Menneskerettsutvalet hadde føreslege. Alt i alt vart Grunnlova utvida frå 112 til 121 paragrafar.

Akkurat i tide til 200-årsdagen 17. mai 2014 fekk altså Grunnlova ein oppdatert katalog for rettar – tilgjengeleg både i ein språkleg fornya bokmålsversjon og i ein tidsriktig og likestilt nynorskversjon.

Internasjonalt samarbeid



Stortinget tek kvar sesjon imot mange utanlandske delegasjonar og gjester.

Storingsrepresentantar, ikkje minst dei som er medlemmer av dei faste internasjonale delegasjonane, er òg på mange reiser til andre land.

SØR-AFRIKA

Storingspresident Olemic Thommessen var på offisielt besøk i Cape Town 25.–27. februar 2014. Ei ramme for gjestinga var at det norske grunnlovsjubileet fall saman med at den sørafrikanske grunnlova var 20 år. Under besøket hadde han møte med mellom andre president Sisulu i det sørafrikanske parlamentet, leiaren i provinsrådet og representantar for opposisjonen. Han deltok òg i eit møte på University of Cape Town saman med representantar for ulike uavhengige institusjonar, møtte forskarar og vitja to utviklingsprosjekt i regionen.

NORMANDIE

Storingspresidenten deltok òg på den internasjonale 70-årsmarkeringa for D-dagen 6. juni i Normandie. Saman med H.M. Kongen og statsminister Solberg representerte han Noreg på dette storslegne arrangementet der òg ei rekkje andre stats- og regjeringssjefar deltok, deriblant president Obama og president Putin. Dette var fyrste gongen parlamentspresidentar var inviterte til den offisielle minneseremonien for D-dagen, som markerer byrjinga på slutten av andre verdskrigen.



Sissel Morken Gullord spela bukkehorn under opninga av den europeiske parlamentspresidentkonferansen. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



EUROPARÅDET

Stortinget har tett kontakt med Europarådet og parlamentarikarforsamlinga der, som særleg arbeider for menneskerettar, demokrati og rettsstat. I 2014 var delegasjonen ein aktiv og viktig aktør i attvalet av Thorbjørn Jagland som generalsekretær i Europarådet.

Stortingspresidenten gjesta Europarådet 24.–26. juni 2014. Føremålet var å verta kjend med dei ulike institusjonane knytte til Europarådet og å drøfta aktuelle saker som situasjonen i Ukraina. Han hadde møte med mellom andre generalsekretær Jagland, president i Europarådets parlamentarikarforsamling, Anne Brasseur, den europeiske menneskerettskommissæren Nils Muiznieks og president i Den europeiske menneskerettsdomstolen, Dean Spielman.

30. september heldt stortingspresidenten eit innlegg i Strasbourg under debatten i parlamentarikarforsamlingen om resolusjonen «Counteractions to manifestations of neo-Nazism». Han hadde òg møte med Jagland og Brasseur der utviklinga i Ukraina igjen var hovudtema.

DEN EUROPEISKE PARLAMENTS- PRESIDENT-KONFERANSEN I OSLO

Presidenten for Europarådets parlamentarikarforsamling og rundt 60 andre parlamentspresidentar gjesta Stortinget 11. og 12. september i samband med den to-årlege parlamentspresidentkonferansen til Europarådet. Tema var stoda og kritiske utfordringar for dei europeiske demokratia. Stortingspresident Thommessen var vert for konferansen som hadde i underkant av 400 deltakarar (parlamentarikarar og stab) frå medlemslanda i Europarådet, observatørland, og land med status som partnarar for demokrati på konferansen.

MENNESKERETTAR I ASERBAJDZJAN

Stortingsdelegasjonen til parlamentarikarforsamlinga i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa hadde i 2014 eit breitt engasjement for menneskerettsforkjempingar i Aserbajdsjan. Hovudsesjonen til forsamlinga vart halden i hovudstaden Baku, 28. juni–2. juli, og i tilknytning til sesjonen hadde delegasjonen fleire møte og initiativ som mellom anna resulterte i at den politiske fangen Amar Mammadli vart omtala i sluttfråsegna.

REPRESENTANTAR PÅ STUDIEOPPHALD I BRUSSEL

Ni stortingsrepresentantar deltok i januar 2014 på eit studieopphald i Strasbourg, Luxembourg og Brussel. Målet var å auka forståinga for korleis dei ulike institusjonane i EU og EFTA/EØS er organiserte, gje innblikk i aktuelle saker og å leggja til rette for nettverksbygging.

Studieopphaldet som Stortinget legg opp til, er ei nyskaping og skal gjennomførast årleg. Dei ni representantane var dei fyrste som gjennomførde opphaldet.

Studieopphaldet i 2014 inkluderte besøk i Europaparlamentet der representantane møtte ei rekkje europaparlamentarikarar og overvar komitémøte i Brussel og plenumsesjonen i Strasbourg. Utover dette møtte delegasjonen EU-kommissærar, den norske EU- og NATO-delegasjonen, EFTA-institusjonane, og det norske miljøet i Brussel.

Nordisk samarbeid



NORDISK RÅDS SESJON I OSLO 29.–31. OKTOBER 2013

Nordisk råds 65. sesjon vart arrangert i Stortinget 29.–31. oktober 2013. Parlamentspresidentane i dei åtte nordiske parlamenta deltok på sesjonen. Eit eige program vart lagt opp for parlamentspresidentane 29. og 30. oktober. På sesjonen deltok rundt 1100 personar alt i alt. Blant desse var det òg gjester frå den russiske statsdumaen og føderasjonsrådet, EU-parlamentet, Benelux-parlamentet og Baltisk forsamling.

For fyrste gong i historia til Nordisk råd vart Nordisk råds fem prisar delte ut ved eit «Oscar-liknande» arrangement som vart sendt på TV i alle dei nordiske landa. Arrangementet vart halde i Den Norske Opera & Ballett den 30. oktober.

AUSTERSJØSAMARBEIDET

Den 23. parlamentariske Austersjøkonferansen vart halden i Olsztyn i Polen 24.–26. august 2014. Frå Stortinget deltok Per Rune Henriksen (A), Eva Kristin Hansen (A) og Olaug Bollestad (KrF). Hovudtemaa for konferansen var rapportering og diskusjon om samarbeidet mellom regjeringane i Austersjørådet, eit betre miljø i regionen, sams kulturarv og godt granneskap og ei beredyktig og harmonisk framtid. Olaug Bollestad gjorde greie for arbeidet og førebels konklusjonar frå ei parlamentarisk arbeidsgruppe ho leier om innovasjon i helse- og sosialsektoren.

ARKTISK SAMARBEID

Nordområdedebatten vart flytta til Arendal den 15. august då Stortingets arktiske delegasjon arrangerte eit møte om balansen mellom økonomisk utvikling og miljøomsyn i Arktis under «Arendalsveka». Deltakarane i panelet var mellom andre leiar av SNs miljøprogram Achim Steiner, delegasjonsleiar Eirik Sivertsen og representantar frå regjeringa og næringslivet.

På den 11. arktiske parlamentariskkonferansen i Whitehorse, Canada ble delegasjonsleiar Sivertsen vald til leiar av den internasjonale arktiske komiteen som er sett saman av representantar frå dei åtte arktiske landa og Europaparlamentet.



Nordiske parlamentspresidentar samla under Nordisk råds sesjon. Frå v.: Einar K. Guðfinnsson (Island), Bertel Haarder (Danmark, presidiemedlem), Britt Lundberg (Åland), Olemic Thommessen (Norge), Per Westerberg (Sverige), Eero Heinäluoma (Finland) (bak), Jógvan á Lakjuni (Færøyaner) (framom), og Lars-Emil Johansen (Grønland). (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



Hans Olav Brenner og Sofia Helin leidde utdelinga av Nordisk råds prisar. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

Grunnlovsjubileet

200-årsjubileet for Grunnlova vart feira i 2014. Grunnlovsjubileet skulle auka forståinga for utviklinga av folkestyret gjennom 200 år, for kva Grunnlova har å seia i dag og framtidige utfordringar for demokratiet i Noreg. Born og unge har vore den viktigaste målgruppa for jubileet, og tiltaka har retta seg særleg mot dei.

OPNING AV GRUNNLOVSJUBILEET 16. FEBRUAR

Sundag 16. februar inviterte Stortinget til eit spektakulært utearrangement ved Eidsvollsbygningen for å markera den offisielle opninga av grunnlovsjubileet. Heile kongefamilien var til stades, saman med stortingspresident Olemic Thommessen, statsminister Erna Solberg, fleire regjeringsmedlemer og stortingsrepresentantar.

Kring 6000 feststemde tilskodarar møtte opp til eit forrykande sceneshow som var sett saman for å gje innblikk i hendingane som har forma oss, verdiane som pregar oss og mogelegheitene som ventar oss. Opningsarrangementet hadde som mål å

engasjera og inspirera både publikum på Eidsvoll og sjåarane av den direktesende TV-sendinga for jubileumsåret som låg føre oss. Stortinget var ansvarleg arrangør og vert for arrangementet.

JUBILEUMSMØTE I STORTINGET OG FEST PÅ EIDSVOLLS Plass

Det er tradisjon for at Stortinget held eit eige jubileumsmøte i dagane før 17. mai når det er grunnlovsjubileum. Målsetnaden har vore å skapa ei høgtidsam markering av jubileet i Stortinget. Dette vart gjort både i 1964 og 1989.



Stortingspresident Olemic Thommessen talar under jubileumsmøtet 15. mai 2014. (Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB scanpix/Stortinget)



*Prinsesse Ingrid Alexandra saman med faren kronprins Haakon på sitt fyrste offisielle besøk på Stortinget.
(Foto: Erlend Aas/NTB scanpix/Stortinget).*

Jubileumsmøtet 15. mai var Stortinget si høgtidlege markering av grunnlovsjubileet. Alle statsmaktene – Stortinget, regjeringa og Høgsterett – var til stades i stortingssalen samstundes. Kongehuset var representert med kongeparet og kronprinsparet. Prinsesse Ingrid Alexandra var med til Stortinget for fyrste gong.

Dei nordiske parlamentspresidentane – talmann i Riksdagen Per Westerberg, formann i Folketinget Mogens Lykketoft, formann i Alltinget Einar K. Guðfinnsson og talmann i Eduskunta Eero Heinäluoma – var æresgjester. Tidlegare stortingspresidentar som Kirsti Kolle Grøndahl, Jørgen Kosmo, Thorbjørn Jagland og Dag Terje Andersen var òg på plass i salen.

Etter jubileumsmøtet vart det invitert til eit ope arrangement på Eidsvoll's plass der over 500 publikummarar møtte opp. Blant deltakarane var over 400 av ordførarane våre. I tillegg deltok over 200 bunadskledde frå heile landet. Programmet frå scena skulle illustrera utviklinga av folkestyret gjennom ulike kulturelle innslag.

FESTFRAMSYNING PÅ EIDSVOLL 17. MAI

Over 20 000 var til stades då Stortinget inviterte til festfram-syning i parken utanfor Eidsvoll'sbygningen. Nasjonaldagen vart markert med underhaldning, musikk, dans og samtaler frå scena. Stortingspresident Olemic Thommessen var vert for tilstellinga.



*Bunad- og kufteklede på Løvebakken.
(Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB scanpix/Stortinget)*



*Ordførarar på Eidsvoll's plass.
(Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB scanpix/Stortinget)*

– Me ynskte å samla heile Noreg til feiring av Grunnlova, folkestyret og 200 år med fred i Norden. Ekstra stas var det at jubilaranten sjølv fekk reisa attende til historisk grunn på grunnlovsdagen, sa stortingspresidenten om den store dagen.

CHRISTIAN FREDERIK-MONUMENTET

Sundag 18. mai vart monumentet over Christian Frederik avduka på Eidsvoll's plass utanfor Stortinget. H.M. Dronning Margrethe av Danmark stod for avdukinga.

Monumentet er ei gåve frå regjeringa til Stortinget.

Kong Harald, dronning Sonja og prinsgemal Henrik av Danmark var til stades. Statsministeren og stortingspresidenten var vertskap for arrangementet. I tillegg deltok Stortingets presidentskap, juryen for monument-konkurransen og kunstnaren Kristian Blystad. Blystad vann den lukka konkurransen om å få utarbeida monumentet.

Christian Frederik vart den fyrste folkevalde monarken i Europa då Riksforsamlinga valde han til norsk konge 17. mai 1814. Han steig opp på den danske trona som Christian 8. i 1839.



Over til v.: Finansminister Siv Jensen, statsminister Erna Solberg og stortingspresident Olemic Thommessen deler ut kake til frammøtte på Eidsvoll's plass. (Foto: Erlend Aas/NTB scanpix/Stortinget).

Over til h.: Herborg Kråkevik var konferansier under folkefesten på Eidsvoll's plass 15. mai. (Foto: Åsmund Holien Mo/Stortinget).

Til h.: Olemic Thommessen ber Grunnlova gjennom Rikssalen på Eidsvoll 17. mai. (Foto: Berit Roald/NTB scanpix).

Under:Dronning Margrethe av Danmark ser på det nye Christian Frederik-monumentet ho avduka 18. mai 2014. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)





Den originale Grunnlova av 17. mai 1814 var utstilt i historisk sal i stortingsbygningen i 2014.

GRUNNLOVA OG JUBILEUMSUTSTILLINGA PÅ STORTINGET

7. januar 2014 opna jubileumsutstillinga «Skjebneåret 1814. Fire dokument som forma Noreg» på Stortinget. Gjennom heile jubileumsåret har publikum kunna besøkje historisk sal i stortingsbygningen og sjå fleire av dei mest sentrale dokumenta frå 1814. Det store trekkplasteret har naturleg nok vore sjølve jubilaranten, Grunnlova av 17. mai 1814. Engasjementet rundt dokumentet har vore stort, og på bursdagen tok dokumentet turen attende til Eidsvoll for fyrste gong på 200 år.

OM UTSTILLINGA

Fire hovuddokument har danna utgangspunktet for jubileumsutstillinga på Stortinget. Det er Kieltraktaten av 14. januar, Grunnlova av 17. mai, Mossekonvensjonen av 14. august og den reviderte Grunnlova av 4. november – fire dokument som forma Noreg i 1814 og la grunnlaget for utviklinga av folkestyret.

Utstillinga har òg presentert fleire andre sentrale dokument frå det hendingsrike året 1814, så som forhandlingsprotokollen frå Riksforsamlinga, rapportar frå krigen sommaren 1814 og Christian Frederiks abdikasjon til Stortinget i oktober. Alle dokumenta er originalar frå arkiva i Stortinget. Unnataket er fredsavtala frå Kiel, som er ein tru kopi av den staselege originalen i det danske Riksarkivet, laga på oppdrag frå Stortinget i høve 200-årsjubileet.

GRUNNLOVA AV 17. MAI 1814

Den originale Grunnlova var stilt ut frå 1. april til 21. juni og frå 9. september og ut jubileumsåret. Mange har nytta høvet til å sjå Grunnlova i jubileumsutstillinga. I tillegg til det faste omvisingstilbodet har det vore tilbode to godt gjesta utstillingsomvisingar i veka. Omvisingane vart haldne måndag ettermiddag og torsdag føremiddag og hadde 512 besøkjande (per 30. september 2014).

3. april og 9. mai 2014 fekk publikum koma inn i Stortinget og oppleva bygningen på eiga hand. Det var stor interesse for Grunnlova og jubileumsutstillinga. Publikum fekk òg sjå stortingssalen, trappehallen og vandrehallen. Omvisarar frå Stortinget og tilsette frå stortingsarkivet var tilgjengelege for spørsmål og utdyping. Borna fekk fargeleggja teikningar frå barneboka «Mina og Løva» i vandrehallen og alle fekk laga ein eigen grunnlovbutton som suvenir. Talet på besøkjande var 767 personar.



Stortingets tryggleiksansvarlege Tor-Helge Verpeide Tefre og stortingsarkivar Egil Borlaug fraktar Grunnlova til Eidsvollsbygningen.
(Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

1814-DOKUMENT PÅ TUR

Mange fekk òg høve til å sjå Grunnlova då ho tok turen til Eidsvoll 17. mai. Med politieskorte kom stortingspresidenten med dokumentet i ein eigen aluminiumskoffert. Det var stort presseoppbod då dokumentet tok turen opp i Rikssalen og det tilhøyrande rommet der det vart signert for 200 år sidan. Deretter vart dokumentet stilt ut i ein eigen monter i «havestuen», som var open for publikum til langt ut på kvelden.

Tre månader seinare tok Mossekonvensjonen av 14. august 1814 turen attende til Moss for å kasta glans over Christian Frederik-dagane og feiringa av freden mellom Noreg og Sverige. Mossekonvensjonen vart stilt ut i eigen monter i andre høgda i Konventionsgaarden, der fredsavtala vart forhandla fram og underskriven for 200 år sidan.

Elvin Rama Berg-Appadhoo og Olemic Thommessen viser fram vinnarteikninga.

TEIKNEKONKURRANSE OG UTSTILLING

9. september vart det opna ei barneteikningsutstilling i historisk sal. Stortinget inviterte våren 2014 elevar frå 1.–4. trinn til å vera med på ein teiknekonkurranse om å dekorera framsida på Grunnlova. Kvar skule kunne senda inn fem bidrag og til saman mottok Stortinget 1360 flotte teikningar. 16. juni kåra juryen vinnarteikninga, teikna av Elvin Rama Berg-Appadhoo i 3. klasse på Hauglia skole. Elvin og heile klassen var til stades i Stortinget då stortingspresident Olemic Thommessen avduka utstillinga.





Stortingets ungdomsparlament 2014 samla i Rikssalen på Eidsvoll.

STORTINGETS UNGDOMSPARLAMENT 2014

9.–11. april 2014 gjennomførte Stortinget ei av dei største satsingane for unge i samband med grunnlovsjubileet: Stortingets ungdomsparlament, med to dagar på Stortinget og éin dag i historiske omgjevnader på Eidsvoll. Det er tredje gongen Stortinget har invitert til eit ungdomsparlament.

Samlinga hadde som føremål å bidra til at ungdom lærer om Stortinget og å skapa forståing for demokratiske prosessar. Stortingets ungdomsparlament skal gjera Stortinget synleg og relevant for ungdom.

Grunnlovsfesting av menneskerettane har vore ei høgaktuell problemstilling i 2014. Alle vidaregåande skular i landet fekk invitasjon til å delta i ein essaykonkurranse der dei skulle reflektera rundt sentrale menneskerettar og deira plass i Grunnlova. Oppgåva lydde: «Grunnlova + menneskerettane = sant?» Vinnarbidraga fekk invitasjon til å delta på Stortingets ungdomsparlament, og 90 ungdomar frå heile landet vart inviterte.

Første dagen av arrangementet var vigd fagleg påfyll: Føredrag om historia til Grunnlova ved professor Marit Halvorsen, om stortingshandsaminga av grunnlovsframlegg ved stortingsrepresentant Jette F. Christensen, om menneskerettane ved professor Janne H. Matlary og omvising på Stortinget var nokre av høgdepunkta under opphaldet. Dag to gjekk med til komitéarbeid og førebuing av eit innlegg som skulle presenterast i Rikssalen på Eidsvoll dagen etter.

Så, 11. april, beint 200 år etter den offisielle opninga av Riksforsamlinga på Eidsvoll, fekk ungdomane presentera eigne tankar og problemstillingar knytte til ei eventuell innlemming av menneskerettar i Grunnlova.

Over 100 menneske var til stades i Rikssalen under presentasjonane – mellom dei stortingspresident Olemic Thommessen.

Eleva frå Frosta ungdomsskole vart intervjuet av Herborg Kråkevik under folkefesten på Eidsvolls plass.

(Foto: Åsmund Holien Mo/Stortinget)

KLASSENS GRUNNLOV

Alle ungdomsskulane i landet vart inviterte til å delta i konkurransen «Klassens grunnlov». Oppgåva til ungdomsskuleklassane lydde: «Lag ei ny grunnlov.» Korleis tykkjer klassen at Grunnlova skulle sett ut om dei hadde fått bestemma? Kva er viktig å ha med? Korleis vil me ha det her hjå oss? Er demokrati, maktfordeling og menneskerettar viktig?

Me fekk inn 73 bidrag frå ungdomsskuleklassar over heile landet. Vinnarklassen, 9. trinn ved Frosta ungdomsskole i Nord-Trøndelag, vart plukka ut av kontroll- og konstitusjonskomiteen og fekk påspandert tur til Stortinget for blant anna å delta på jubileumsmøtet i Stortinget 15. mai. I tillegg fekk klassen servert bollar og brus på kontoret til stortingspresidenten og dei fekk møta statsministeren.





MINA OG LØVA

Alle fyrsteklassingar i Noreg mottok våren 2014 kvart sitt eksemplar av barneboka *Mina og Løva*, skriven av Elin B. R. Tømte. Boka handlar om Mina som er med mamma på jobb på Stortinget. Her møter ho Løva som gjev henne eit spennande innblikk i demokratiet. Skulane fekk i tillegg ein faksimile av Grunnlova og eit klassesett av *Mina og Løva* til skulebiblioteka.

ORGANISERING AV GRUNNLOVSJUBILEET

Dei nasjonale fellestiltaka i grunnlovsjubileet vart tekne hand om av Hovudkomiteen for Grunnlovas 200-årsjubileum. Komiteen var oppnemnd av Stortinget og hadde det overordna ansvaret for den offisielle feiringa.

På Stortinget har eit sekretariat med seks medarbeidarar arbeid med grunnlovsjubileet til dagleg. Sekretariatet hadde mellom anna ansvaret for å utvikla og gjennomføra hovudarrangementa på Eidsvoll 16. februar, jubileumsmøtet 15. mai med publikumsarrangement på Eidsvolls plass etterpå, og det nasjonale hovudarrangementet på Eidsvoll 17. mai.

Grunnlovssekretariatet hadde desse oppgåvene:

- Leggja til rette for arrangementa til Stortinget og fylgja opp offisielle arrangement
- Koordinera tiltaka og prosjekta til hovudkomiteen
- Skriva taler
- Kommunikasjonsstrategi, presse og mediearbeid
- Utvikla og forvalta profilprogrammet for jubileet
- Utvikla og drifta nettsida Grunnloven200.no og digital jubileumskalender
- Vera kontaktpunkt for og rettleia arrangørar landet rundt
- Utvikla formidlingstiltak mot hovudmålgruppene for jubileet

Grunnlovsjubileet i 2014 vart organisert som ein nasjonal dugnad i pakt med 17. mai-tradisjonen. Det var frivilluge og engasjerte aktørar over heile landet som tok initiativ til mest alle arrangementa i dette programmet.

Stortinget og Hovudkomiteen disponerte ingen søknadsmidlar for arrangement i jubileumsåret. Alle tiltak og prosjekt er finansierte over dei ordinære budsjetta til dei ulike institusjonane.



Mina og Løva.

Stortinget på nett



Stortinget.no er den offisielle nettstaden til Stortinget og vert drifta av informasjonsseksjonen.

Nettstaden gjev mellom anna informasjon om samansetnaden i Stortinget, representantane, komitear og delegasjonar, publikasjonar, saker og saksgang i Stortinget, nett-TV og videoarkiv frå stortingsmøte og komitéhøyringar, aktuelle nyhendeoppslag og informasjonssider om Stortinget og demokratiet på nynorsk, bokmål og engelsk.

Opne data frå Stortinget er tilgjengelege frå Stortingets datateneste data.stortinget.no.

INFORMASJONSFILMAR

I februar og juni 2014 publiserte informasjonsseksjonen dei to siste filmane med komikaren Bård Tufte Johansen i rolla som den fiktive stortingsrepresentanten Børge Vegheim. Temaa dei tok føre seg var Grunnlova og kontrollverksemda til Stortinget.

I alt seks filmar er publiserte sidan september 2012.

Tema for dei fire fyrste filmane er:

- kvardagen til ein stortingsrepresentant
- statsbudsjettet
- lovhandsaminga
- stortingsval

Primærmålgruppa for filmane er skuleelevar. Dei er publiserte på YouTube og Vimeo, og presenterte på undervisningssidene til Stortinget saman med skuleoppgåver.



Komikaren Bård Tufte Johansen i rolla som den fiktive stortingsrepresentanten Børge Vegheim.

3 MILLIONAR SIDER HISTORISKE STORTINGSFORHANDLINGAR 1814–2001 PÅ NETT

Etter fem års samarbeid med Nasjonalbiblioteket lanserte Stortinget 3 millionar digitaliserte sider med stortingsforhandlingar frå 1814 til 2001 i lagtingssalen 27. november 2013.

– Eg er stolt av at Stortinget har gjennomført eit så stort digitaliseringsarbeid. Dette gjer stortingsforhandlingane tilgjengelege for alle på ein heilt ny måte, og er ein viktig milestolpe i arbeidet med å opna Stortinget, sa stortingspresident Olemic Thommessen då han klypte den digitale snora for nettsida <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/Stortingsforhandlingar/>.

Stortingsforhandlingar på nett femner om prenta dokument frå Riksforsamlinga i 1814 og alle stortinga frå det fyrste omframme storting i 1814 fram til vårsesjonen 2001. Søk etter saker/dokument skjer i hovudregistra. Registra er utarbeidde av stortingsarkivet. Siktemålet med søk i hovudregistra er å leia til sakene der ein finn dokumenta som er knytte opp mot den einskilde saka.

Det er tre inngangar til hovudregistra:

1. Fritekstsøk.
2. Søk etter emne og stikkord.
3. Søk etter publikasjon.



Trykte stortingsforhandlingar som no er digitaliserte.

St.prp. nr. 61 (1989-90)

De 17. olympiske vinterleker på Lillehammer 1994. Arenalokaliseringer, m.v.

Tilråding fra Kirke- og kulturdepartementet av 9. februar 1990,
godkjent i statsråd samme dag.

I Innledning

I St.prp. nr. 1 (1989-90) Statsbudsjettet for 1990, side 55, ble det varslet en proposisjon ved årsskiftet 1989-90 med forslag til budsjett for de olympiske vinterleker på Lillehammer i 1994. I denne proposisjonen legger departementet frem forslag til arenaprogram, kostnadsrammer for en rekke prosjekter og fullmakt for regjeringen til å fastsette rammer for et ytterligere antall prosjekter. Det samlede OL-budsjettet har departementet imidlertid funnet bør fremlegges høsten 1990, i statsbudsjettet for 1991, jf. begrunnelse i punkt IV. 1.

Lillehammer kommune søkte i 1986 Den Internasjonale Olympiske Komite (IOC) om å bli tildelt arrangementet av de olympiske vinterleker i 1992. Søknaden til IOC var underbygget av en statsgaranti med 1481 mill. kroner som utgiftsramme, jf. St.prp. nr. 85 (1984-85). Ved avgjørelsen høsten 1986 ble imidlertid arrangementet tildelt den franske byen Albertville.

gjennomgåelse av de tidligere fremlagte kostnadsoverslag.

Under styring av et kommunalt nedsatt utvalg var det fra 1982 og framover utført et utredningsarbeid på Lillehammer, med særskilte rapporter fra forskjellige saksområder. Ved hjelp av konsulenter og faglige arbeidsutvalg/referansegrupper ble det utarbeidet delutredninger om:

- Bygninger, arenaer, transport og kostnader
- Innstilling om «Media- og telekommunikasjonsdekning»
- Regionale virkninger
- Driftskostnader, mannskapsbehov

Dette utredningsarbeidet danner basis for den første søknaden om statsgaranti (1992-OL). Den andre søknaden begrenset seg til en revidert versjon av kostnadene i den første søknaden.

Dokumenta vert gjevne att som dei er i den prenta versjonen. Dette er gjort for at dei skal framstå som mest mogeleg autentiske.

Søk i stortingsforhandlingar på nett gjev eit unikt høve til å få innblikk i alle dei viktige sakene Stortinget har hatt føre dei siste 200 åra av norsk historie. Du kan mellom anna fylgja hand-saminga av formannskapslovgevingane på Stortinget på 1830-talet og prosessen som førde fram til ålmenn røysterett for kvinner og menn i 1913.

I nyare tid kan du finna handsaminga av Kings Bay-saka i Stortinget tidleg på 60-talet og debatten omkring prøvesendingar med fargefjernsyn 10. desember 1971, då Einar Førde kom med dei vidgjetne orda om at «me får finna oss i at synda har kome til jorda, men me vil ikkje ha ho i fargar».

GRUNNLOVEN200.NO

Nettstaden www.grunnloven200.no har vore den viktigaste kanalen for informasjon om jubileumsåret. Her har alle interesserte kunna finna aktuelt stoff, nyhendesaker og historiske artiklar. Jubileumsaktivitetar i heile landet har vorte samla gjennom ein arrangementskalender. Skular og arrangørar har kunna lasta ned materiell og fått inspirasjon til engasjement og læring. Her har ein funne alt frå framlegg til 17. mai-taler, oversikt over føredragshaldarar, historiske artiklar og tevlingar for skulane. Den grafiske profilen og materiellressursar for jubileet har vorte forvalta gjennom nettstaden.

SOSIALE MEDIUM

Stortinget, grunnlovsjubileet og stortingsbiblioteket har Twitter-kontoar (@Stortinget, @Grunnloven200 og @Storbibl).

Grunnlovsjubileet og Stortingets ungdomsparlament har hatt sider på Facebook.

Undervisningsfilmar, opptak av taler o.l. vert lagde ut under Stortingsfilm på YouTube.

Grunnlovsjubileet har brukt Instagram til biletdeling, medan Stortinget elles legg ut bilete på Flickr.

NYHENDEBREV PÅ E-POST

På stortinget.no kan ein melda seg på og finna arkiv for ei rekkje nyhendebrev. Ein kan abonnere på pressemeldingar frå Stortinget, nyhendebrev for lærarar og det vekefaste nyhende-

For sportsinteresserte kan me by på saker om dei olympiske leikane på Lillehammer i 1994, her illustrert med St.prp. nr. 61 frå 1989/90 De 17. olympiske leker på Lillehammer 1994. Arenalokalisering, mv.

brevet EU/EØS-nytt utarbeidd av stortingsbiblioteket. Framlegg til nye rettsakter frå Europakommisjonen som Stortinget tek imot, vert sende ut på e-post i nyhendebrevet «Antatt EØS-relevante rettsakter».

PERSPEKTIV-SERIEN

Utgreiingsseksjonen på Stortinget gjev ut skriftserien «Perspektiv» der notat frå seksjonen sjølv, eller frå eksterne fagpersonar og forskingsmiljø på oppdrag frå seksjonen, vert gjorde ålment tilgjengelege. Desse kan lesast på www.stortinget.no.

I 2013–2014 kom desse utgåvene ut:

- Dokumentinnsyn hos EU-kommisjonen og EFTA- overvåkningsorgan
- Om stortingsforlik
- Mistillitsforslag, kabinettsspørsmål og kritikkforslag – en oversikt

KUNSTBROSJYRE

I 2014 gav informasjonsseksjonen ut brosjyren «Stortinget – bygningen og kunsten». Brosjyren handlar om kunst og arkitektur på Stortinget og er skriven av Eivind Torkjelsson. PDF av brosjyren på nynorsk, bokmål og engelsk kan lastast ned frå www.stortinget.no.



Omvisingar



Stortinget tilbyd omvisingar i stortingsbygningen gjennom heile året. Skuleklassar og andre gjester får eit solid innblikk i historia og verksemda til Stortinget med stortingssalen som eit høgdepunkt.

I 2013 stod røysterett for kvinner sentralt i høve røysterettsjubileet. I 2014 har alle omvisingsgrupper vore innom jubileumsutstillinga «Skjebneåret 1814. Fire dokument som forma Noreg», der det er lagt særleg vekt på 1814 og Grunnlova.

Omvisingar for skuleklassar og andre grupper 2013/2014:
16 327 deltakarar.

Laurdagsomvisingar 2013/2014:
93 grupper med ca. 2790 deltakarar.

Sommaromvisingar 2014:
75 grupper med ca. 2250 deltakarar.

KUNSTVANDRINGAR

Stortinget har ei kunstsamling på om lag 800 objekt. Høgdepunkt frå samlinga vert synte fram under dei opne kunstormvisingane fyrste måndagen i månaden frå oktober til juni. Dei hine måndagane er reserverte for gruppetinging.

Kunstormvisingar 2013/2014:
25 grupper, 416 deltakarar.



MiniTinget

MiniTinget er eit interaktivt rollespel for vidaregåande skule der elevane tred inn i rolla som stortingsrepresentantar.

Dei vert delte inn i fire fiktive parti og jobbar med saker frå framlegg til vedtak. Elevane lærer saksgangen i Stortinget og får sjølve røyna korleis dei som aktive medborgarar kan vera med på å påverka og setja den politiske dagsordenen.

I 2013/2014 vart det halde 221 spel med til saman 5913 deltakarar.



Oslo kulturnatt

For tiande gong opna Stortinget dørene for publikum under Oslo kulturnatt, 12. september 2014.

Dei besøkjande fekk vandra i trappehallen, historisk sal, vandrehallen, stortingssalen, lagtingssalen og Eidsvollsgalleriet. Omvisarar frå Stortinget og tilsette i stortingsarkivet var tilgjengelege for spørsmål og utdjuping. For 120 heldige vart kvelden ekstra spesiell då dei sikra seg gratisbilletter til den flotte konserten Oslo-Filharmonien heldt i lagtingssalen.

Talet på besøkjande: 1038 personar.



Kurs i stortingskunnskap for lærarar

To gonger i året skipar Stortinget til kurs i stortingskunnskap for samfunnsfag- og historielærarar.

I 2013–2014 hadde kursa stor pågang av deltakarar og profilerte føredragshaldarar som Jonas Gahr Støre, Martin Kolberg, Olemic Thommessen og Jørgen Kosmo. Føredragshaldarane presenterte oppgåvene og samfunnsrolla til Stortinget. Til avslutning var det paneldebatt med medlemmer frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen. Til saman deltok om lag 120 lærarar frå heile landet på kursa.

«2050 – Valet er ditt»

Ungdomsskuleelevar gjer i «2050 – Valet er ditt» sine egne prioriteringar for kva som er viktig for landet vårt i framtida.

Elevane jobbar i parti og lagar sine egne partiprogram. På denne måten får dei ei innføring i politisk og demokratisk tankegang. Dei må ta val og prioritera, og så forsvare verdiane sine i ein valkamp. Det heile endar med val. Spelet er kombinert med ei omvising i stortingssalen.

I 2013/2014 vart det halde 107 spel med til saman 2664 deltakarar.



«2014 – Valet er ditt»

1. september 2014 vart jubileumsversjonen av «2050 – Valet er ditt» lansert.


I «2014 – Valet er ditt» prioriterer ungdomsskuleelevar mellom viktige konstitusjonelle og politiske kategoriar, og lagar på denne måten si eiga grunnlov. Grunnlovene skal presenterast og diskuterast og elevane får gjera seg opp ei meining om kva for grunnlov dei meiner er den beste. Spelet er kombinert med ei omvising i jubileumsutstillinga.

I perioden 1. september–30. september 2014 vart det halde seks spel med til saman 128 deltakarar.

Reisetilskot

Skuleklassar som skal besøkja dei interaktive rollespela på Stortinget kan søkja om økonomisk stønad.

Reisetilskotet er tiltenkt klassar med lang reiseveg og kor mykje støtte me gjev varierer etter kor lang reiseveg klassen har. For kalenderåra 2013 og 2014 løyvde Stortinget høvesvis 2 millionar og 2,5 millionar kroner til reisetilskot. I stortingssesjonen 2013/2014 fekk 61 klassar reisetilskot.



Stortingsadministrasjonen per september 2014

Utover dei 169 representantane har 465 personar sitt daglege arbeid på Stortinget. I tillegg kjem dei som er tilsette av dei politiske partia og arbeider i partigruppene.



Den administrative leiaren av Stortinget er stortingsdirektøren, Ida Børresen. Her helsar ho på H.M. Kong Harald når han kjem til den høgtidlege opninga av Stortinget i 2013.

(Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



© Stortingets administrasjon
Informasjonsseksjonen
Oslo 2015

ISBN 978-82-8196-102-9
Nynorsk

Illustrasjonar: Stortinget der ikkje anna er oppgjeve

Layout og produksjon: BK.no, Sandefjord.



Stortinget

Stortingets administrasjon

Karl Johans gate 22, 0026 Oslo

Telefon sentralbord: 23 31 30 50

Stortingets informasjonsteneste

Telefon: 23 31 33 33 – info@stortinget.no

www.stortinget.no